Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 11.

Fylke: Sogn og Fjordane

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: N. Vågsøy, S. Vågsøy, Selje.

Emne: Ymse attåtfor.

Bygdelag:

Oppskr. av: WILHELM KVALHEIM LEKTOR VOLDA f. 1877

Gard:

(adresse):

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Sjølvsyn.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1-2-3. Lenger inne i Nordfjord har edu opptil vår tid - kanskje ennå - teke vare på røter under våraarbeidet med åkeren (kveke o: „långegras", kryppsølede a.l.) og vaska det og gjeve krøtera. Også i Volda sameleis. Men det var ikkje gjort utmed havet i mitt oppvåle.

B. Bregnes ikkje samla.

II Tang og tare.

1. På Vågsøy var tang og tare berre naudfor. Difor var det ikkje nokor ære i å fora med tare. Det vitna om ring omtanke frå hausten av. Men på Stadslandet var det rekna for nerdfullt tilskot til höyet: Mjölka vart dygdigare o: feitare. Og der er det bruket framleis. Serleg oppflisa (spikka med kniv) stokketare. Kyrne er også lystne etter det.

2797

2. Storetaren (stokketaren) dreiv i land i store mengder på Stad og på utsida av Vågsøy. Men det ein skar i sjøen frå båt og førde til lands og fora fersk, var den lange, bandforma, mjuke bûtaren, ryggjataren. So skar ein og i flomålet grisetang eller Sôl (også kalla sautang. Sjå Ivar Aasen: Skårungen s. 179). Nytta til grisefor.

3. Vanleg ljå, eller ljå på langt skaft.

5. Ja, lett kokt („forvella".)

6. Kyr. Sauene gås ofte ned i fjøra og et tare, helst den som ligg nede i sjåvatet. Geitene sameleis.

III. Nei.

IV. Nei. ukjent. Elles lite av hester.

V. Lodabytte, før med kokande vatn over, helst til kyr som nett har kalva. Høy, agner, mjøl.

4. Ikkje aagnebar

5. Drank ukjent.

6. ?

7. Lag på høyfrø og anna oppsop i løda. — og potetlauv.

VI. Ja, om vinteren vart fiske-hovud kokt og gjeve til fe.

Om sumaren banka ein turre ryggjer („Kuhedn") og gav kyrne når dei mjølka.

4. Båe deler.

5. Nei. 6. Kokas inne i stova.

7. Nei, tilskat. Men kvar dag.

2797
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING